

1 Ein ny fylkeskommune blir til

- 2 Den nye fylkeskommunen må ha som mål å desentralisere tenester og legge til rette for verdiskaping
3 og vekst i heile den nye regionen. I åra framover er det svært viktig at det blir lagt rammer for den
4 nye fylkeskommunen som gir nye moglegheiter og betre tenester, for alle innbyggjarar.
- 5 Oppland Senterparti meiner at namnet på den nye fylkeskommunen bør vera Hedmark og Oppland.
6 Dette er eit namn som er godt forankra, både når det gjeld historie, geografi og identitet.
- 7 Hedmark og Oppland sine kvalitetar er i stor grad stadeigne. Skogbruk, industriområde, landbruk,
8 reiseliv, natur og kultur kan ikkje sentralisera. For å nytte desse ressursane må vi ha kreative og
9 dyktige menneske, med god kompetanse, som jobbar for at ressursane skal styrkast og
10 vidareutviklast for ei berekraftig framtid.
- 11 Oppland Senterparti meiner at den nye fylkeskommunen må vera til stades i alle regionane.
12 Tenestene skal ligge nær folk sine bu- og arbeidsplassar. Digital teknologi må nyttast slik at tenester
13 og tilbod kan utviklast til å bli desentraliserte og effektive. Særleg må dette gjelde skuletilbod,
14 helsetenester, administrasjon og folkevald styring. For å lykkast med dette må Staten bidra med
15 vesentleg meir midlar til digital infrastruktur, i heile den nye regionen.
- 16 Nye funksjonar og oppgåver, som vil kunne koma til fylkeskommunen, må fordelast i alle delar av det
17 nye fylket. Den nye fylkeskommunen må evne å løyse nye regionale oppgåver og ta leiarskap for
18 samordning av offentlige reformprosessar. Oppgåver må i stor grad flyttast frå Fylkesmannen til
19 fylkeskommunen, frå administrativ til politisk styring. Eksempel på dette kan vera Innovasjon Noreg
20 og Statens Vegvesen. Eit godt samarbeid med stat, regionar, kommunar, verkemiddelapparat,
21 næringsliv og FoU er avgjerande for ei positiv utvikling.
- 22 Oppland Senterparti meiner partnarskap og nære band mellom fylkeskommune og kommune, slik
23 det i dag er i Oppland, må bli svært viktig også i den nye fylkeskommunen. Støtteordningar må
24 innretta slik at dei både gir gode moglegheiter for omstilling og vekst, og nødvendig utviklingskraft.
25 Både for etablert næringsliv og til nye verksemder. Ein må ta omsyn til at dei fleste bedriftene i det
26 nye fylket er små og mellomstore. Fylkeskommunen må sikre at næringslivet ikkje opplever deltaking
27 i prosjekt og støtteordningar som ei ekstra belastning, som følgje av lange avstandar. Meir av
28 utviklingsarbeidet må gjerast i den enkelte kommunen, eller i samarbeid mellom kommunar.
- 29 Den nye fylkeskommunen må overta ansvaret for regionale næringsprogram, og legge føringar for
30 bruk av midlar knytt til dette. Dette må gjelde midlar til både investering og bedriftsutvikling og til
31 utgreiings- og tilretteleggingstiltak. Ein må sjå utviklinga av landbruksbaserte næringar i samanheng
32 med andre næringsretta tiltak som fylkeskommunen har ansvaret for. Ei styrka satsing på
33 bioøkonomi, for å sikre betre lønsevne i landbruket og auka matproduksjon, må bli ei viktig oppgåve
34 for den nye fylkeskommunen.
- 35 Oppland Senterparti vil ha ein reform av offentleg sektor som desentraliserer makt og tenester. Den
36 nye fylkeskommunen skal gi betre tenester, i heile fylket, der folk bur og arbeider.